





HOVDEN VASSVERK

Planomtale

PlanID 201905

04.05.2020

Dato for siste revisjon: 12.05.20

1 Samandrag

På Hovden er det stor tilstrømming av folk, spesielt til jul, vinter- og påskeferie. I desse periodane er det stort behov for vatn. Tidlegare ferier har synt at det kan føre til kapasitetsproblem. Det er difor behov for ei auke i kapasiteten. I tillegg skal nytt anlegg møte krava i den nye drikkevannsforskriften.

Planane legg opp til to nye høgdebasseng på 2000 m³, der det eine skal byggjast innan 2020 og det andre er tenkt kanskje 20 år fram i tid. Dette med tanke på framtidig kapasitet og for å sikre naudsynt riktig plassering av den framtidige utvidinga. Det skal òg setjast opp nytt bygg for vassverket. Det eksisterande bygget skal på sikt rivast.

Innhold

1	Samandrag.....	1
2	Bakgrunn	4
3	Planprosess.....	4
3.1	Oppstartsmøte	4
3.2	Varsel om oppstart av planarbeid	4
4	Planstatus	4
4.1	Overordna planar	4
4.1.1	Heiplanen	4
4.1.2	Kommuneplanens arealdel.....	5
4.1.3	Kommunedelplan Hovden aust.....	5
4.1.4	Reguleringsplan	5
5	Planområdet i dag	6
5.1	Eksisterande forhold	6
5.2	Kulturminne.....	6
5.3	Naturmangfald	6
5.4	Friluftsliv	6
5.5	Vatn- og avlaup.....	6
6	Planforslaget.....	7
6.1	Planlagd arealbruk.....	7
6.2	Vassverket	8
6.3	Byggjetrinn	9
6.4	Skiløypetrasé	10
6.5	Høgdebasseng	10
6.6	Køyreåtkomst og tilknytning til eksisterande vegnett	10
7	Konsekvensutgreiing	11
8	Konsekvensar av planforslaget.....	11
8.1	Ros-analyse.....	11
8.1.1	Metode	11
8.1.2	Kartlegging av moglege farer	11
8.1.3	Vurdering av sannsyn	12
8.1.4	Vurdering av konsekvens	12
8.1.5	Vurdering av risiko.....	13
8.1.6	RISIKOFORHOLD (KARTLEGGING AV POTENSIELLE FARER).....	13
8.1.7	VURDERING AV RISIKOREDUSERENDE TILTAK	15
8.2	Overordna planar	16

8.3	Naturmangfald	16
8.4	Landskap.....	17
8.5	Kulturminner og kulturmiljø.....	17
8.5	Trafikkforhold.....	17
8.6	Friluftsliv	17
9	Innkomne merknader.....	17

2 Bakgrunn

Bykle kommune har sett i gong arbeid med nytt vassverk på Hovden, ved dagens anlegg, gnr./bnr. 2/304 og del av 2/1. Cowi as har utarbeidd eit forprosjekt for kommunen. Kommunen eig ikkje grunnen i området, men det ligg føre godkjend avtale med grunneigarar på staden.

Bakgrunn for arbeidet er at dagens anlegg ikkje oppfyller krava i den nye drikkevannsforskriften. Anlegget har òg kapasitetsmessige avgrensingar. Anlegget blei bygd i 1983 og eignar seg lite til utviding og ombygging for å kunne oppnå dagens standard. Omfattande ombygging av eksisterande reinseanlegg vil vere krevjande og risikofylt, og ikkje akseptabelt utan tilfredsstillande reservevassforsyning i anleggsperioden.

Planutvalet godkjente igangsetjing av planarbeidet den 11.11.19, sak 145/19. Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Delar av planområdet ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Hovden aust, planID 200509. Det som ligg innanfor gjeldande plan er sett av til vatn- og avlaupsanlegg, samt skiløype og friluftsområde. Arealet som ligg utanfor gjeldande regulering, ligg hovudsakleg innanfor LNF-område i kommuneplanens arealdel, samt ein liten del i område for fritidsbustader.

3 Planprosess

3.1 Oppstartsmøte

Det var halde oppstartsmøte den 27.05.19, med planavdelinga, prosjektleiar i Bykle kommune og prosjektansvarleg i Cowi as.

3.2 Varsel om oppstart av planarbeid

Det blei varsla oppstart av planarbeid den 27.03.2020, med frist for å kome med merknader den 26.04.20. Den 01.04.20 blei det ettersendt ei tilleggsopplysing til varselet med informasjon om at det ikkje vil bli ny nabovarsling i byggesaka, dersom planen blir detaljert nok til å nytte åtgangen i pbl § 21 – 3 femte ledd.

4 Planstatus

4.1 Overordna planar


4.1.1 Heiplanen

Planområdet ligg innanfor Heiplanen. Arealet er avsett til bygdeutviklingssone og vil soleis ikkje vere i strid med denne.



4.1.2 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel, planID 201701, blei vedteken 28.02.19. Delar av arealet som ligg innanfor KPA er sett av til *annen type bebyggelse og anlegg*. Noko av arealet, samt utviding av planområdet ligg innanfor *LNF-område*, areal for *fritidsbustader og skiløype*.




4.1.3 Kommunedelplan Hovden aust

Ny kommunedelplan for Hovden aust, med planID 201909, er under arbeid. Planområdet blir lagt inn i denne merka med vidareføring av annan type busetnad og anlegg.

4.1.4 Reguleringsplan

Delar av planområdet ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Hovden aust, med planID 200509. Der er arealet sett av til *vatn- og avlaupsanlegg*, samt *skiløype og friluftsområde*.



5 Planområdet i dag

5.1 Eksisterende forhold

I dag blir delar av planområdet nytta til noverande vassverk på Hovden. Det står eit bygg knytt til drifta der i dag. Vassverket ligg langs Solsetervegen i Hovden aust, eit større delvis utbygd hytteområde. For å kome til området må ein ta av frå Riksveg 9 og køyre langs Solsetervegen. Vegen opp frå riksveg 9 er smal og trafikkert. Det er mykje hytter i området og soleis ein del trafikk og mjuke trafikantar på vegane.

Planen grenser i vest mot eksisterande hytter. Avgrensinga er sett i høve til forprosjektet til vassverket, utarbeidd av Cowi as. Planområdet er 23 daa og ligg i eit ope, slakt hellande terreng.

Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for flaum eller skred.

5.2 Kulturminne

Det er ingen kjende registrerte kulturminne innanfor planområdet.

5.3 Naturmangfald


Det er ikkje registrert truga eller sårbare artar eller naturtyper innanfor planområdet. I arbeidet med kommuneplanens arealdel og kommunedelplan Hovden aust er det gjort vurderingar knytt til naturmangfald. Det er ingen kjende konflikter i høve til naturmangfald i området i dag.

5.4 Friluftsliv

Om vinteren går det ei skiløype gjennom planområdet. Denne startar nede ved riksveg 9 og fører om anna til Auversvatn- eller Lundane-skiløyper. Dette er ein viktg trasé som vert mykje nytta.

5.5 Vatn- og avlaup


Dagens vassverk med tilhøyrande leidningar og installasjonar ligg innanfor området i dag.



6 Planforslaget


6.1 Planlagd arealbruk

Planområdet skal nyttast til nytt kommunalt vassverk. Det meste av arealet regulerast til vassforsyningsanlegg. Noverande køyreveg regulerast inn slik den ligg i terrenget i dag. Dagens leidningstraséar merkast i kartet med sikringssoner.




Over: høgdebasseng nr. 1, med eit mindre driftsbygg. Bygget blir liggande mellom høgdebasseng 1 og 2.

Skissa over er ein illustrasjon av det første høgdebassenget, samt eit mindre driftsbygg. Dette bygget blir liggande mellom høgdebasseng 1 og 2. Høgdebasseng nr. 2 blir liggande nord for bygget. Dei to høgdebassenga blir synleg som to lave koller i terrenget. Det noverande bygget for vassverket skal rivast i framtida.



Å.T.h.: Nye høgdebasseng, va-leidninger.

Forprosjektet har synt at det er behov for eit større areal enn dagens bruk, for at vassbehandlingsanlegget og høgdebassenga kan plasserast høgdemessig i høve til etablert høgdebasseng på Hovden vest. Det nye planområdet for vassverket er på om lag 23 daa. Ny overføringsleidning skal følgje skiløypa ned til hovudleidningane ved riksveg 9 i kryss ved Skisentervegen. Parallelt med denne blir det lagt leidning for rejektivann frå vassbehandlinga. Anlegget skal få vatn frå Hartevasstjønn. Ferdig vatn skal sendast ut på nett til heile Hovden og Hovden sør (midtregionen). Det skal òg lagrast i basseng.




Over: plankart med skisse av høgdebassenga og nytt driftsbygg.

6.2 Vassverket

Nytt vassverk blir plassert parallelt med høgdekontene på staden, og blir utforma som eit langt bygg. Bygget skal gli inn i terrenget.


Bygget skal innehalde areal for personal, lab, lager, trafo, naudstrøm mm. Det skal og setjast av eit areal til garasje i bygget for å kunne lette tilkomst om vinteren. Resterande areal skal nyttast til tekniske rom, areal for vassbehandling, lager for kjemikalie og produksjonshall i underetasje og i 1. etasje. Storleik og areal på bygget vil kome an på leverandør.



Over: skisse frå forprosjektet. Synar eksisterande vassverk til venstre. Framtidig vassverk slik det kan sjå ut.

6.3 Byggjetrinn

1. Nytt høgdebasseng på ca. 2000 m³ er planlagt bygd i 2020. Planutvalet ga i møte den 20.04.20, sak 63/20, dispensasjon frå reguleringsføremålet og plankravet til å sette i gong med gravearbeidet. Gravearbeidet er sett i gong.
2. Nytt vassverk skal etter planen byggjast i 2021.
3. Ny trykkaukestasjon som kan levere vatn med trykk til fritidsbustader som er innarbeidd i kommuneplanens arealdel. Samstundes med etablering av denne, vil trykkstasjonen i dagens vassverk avsluttast.
4. I framtida vil det byggjast eit høgdebasseng nr. 2 på ca. 2000 m³. Ein ser for seg ei utbygging av dette trinnet om kanskje 20 – 30 år.



Over: Høgdebasseng nr. 1 til venstre. Framtidig basseng nr. 2 til høyre. Driftsbygg mellom bassenga.

6.4 Skiløypetrasé

Noverande skiløype leggjast om til rett utanfor plangrensa mot nord, slik at det ikkje blir framtidig konflikt mellom drift av anlegget og skiløype. Denne endringa av løypa blir teken med i ny kommunedelplan for Hovden aust, som er under arbeid. Terrenget i området er slakt og ope. Ei omlegging bør soleis vere problemfritt.

6.5 Høgdebasseng

Høgdebassenga må plasserast høgdemessig i høve til etablerte basseng på Hovden vest og ved eksisterande anlegg, slik at desse kan nyttast. Dei blir liggjande om lag på høgde med dagens anlegg. Høgdebassenga blir nedgravd ut i frå dagens terreng med noko overfylling over og rundt bassenga, samt på tak. Dei blir sjåande ut som lave koller i terrenget.

6.6 Køyreåtkomst og tilknytning til eksisterande vegnett

Tilkomst til anlegget skal vere som i dag, frå Solsetervegen. Det skal kunne etablerast naudsynt vegtilkomst innanfor planområdet til høgdebassenga og vassverket. Framtidig veg er regulert inn i plankartet og merkt som Skv2. Planområdet skal vere tilgjengeleg med bil heile året.

7 Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutredninger (21.06.17). Tiltaket vert ikkje omfatta av forskriftas vedlegg I, og det vert ikkje utløyst krav om konsekvensutgreiing etter forskriftas § 6. Tiltaket er vurdert til å heller ikkje falle inn under forskriftas vedlegg II. Soleis er det ikkje krav til konsekvensutgreiing.

8 Konsekvensar av planforslaget


Område som i dag er regulert til kommunaltekniske anlegg i gjeldande reguleringsplan for området, er ikkje eigna til bygging av nye høgdebasseng og nytt vassverk. Arealet i noverande plan som er i tråd med tiltaket er for lite for å etablere anlegg som tek vare på ålmenn tryggleik og krav til tekniske løysingar. Dersom anlegga skulle vore etablert innanfor gjeldande areal for kommunaltekniske anlegg, vill det ha blive store anlegg i dagen med høgde på minst 6 m og avtrykka frå høgdebassenga ville vore på 1500 – 2000 m², som ville ha vore til stor sjenanse, samt det krev store sikringstiltak rundt anlegget.

Slik det er tenkt no, vil høgdebassenga sjå ut som to mindre kollar i terrenget, med eit mindre driftsbygg synleg i dagen. Det vil ikkje vere naudsynt med sikringstiltak rundt anlegget, då det er under bakken. Nytt vassverk med nytt høgdebasseng er samfunnsskritisk infrastruktur og er naudsynt for å sikre levering av drikke- og brannslukkevatn. Soleis meiner ein dette vil vere ei betre løysing. I kommuneplanens arealdel var intensjonen å leggje til rette for eit nytt framtidig anlegg, men i ein slik overordna plan er det vanskeleg å sette av heilt riktig areal til nye føremål i framtida.

8.1 Ros-analyse

8.1.1 Metode

Metoden i denne analysa er bygd på veilederen «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen». Skjematisk kan arbeidsgongen og metoden i arbeidet framstillast slik:



I arbeidet er det nytta kilder frå offentlege baser som NVE atlas, naturbase, artsdatabanken m.fl.

8.1.2 Kartlegging av moglege farer

Relevante kilder gjennomgås og det lages ein oversikt over kva for potensielle farer som reiknast som relevante for analyseobjektet.

8.1.3 Vurdering av sannsyn

Sannsyn for kvar type fare vurderast. Sannsynet for at ein farleg hending skal inntreffe klassifiserast ved at det anslås kor hyppig hendinga kan forventast å inntreffe. Denne vurderinga byggjer på informasjon innhenta frå kildemateriale, kjennskap til lokale forhold m.m.

1.) Usannsynleg	Mindre enn ein hending kvart 50. år
2.) Lite sannsynleg	Mindre enn ein hending kvart 5. år og meir enn ein hending kvart 50. år
3.) Sannsynleg	Mer enn ein hending kvart 5. år

8.1.4 Vurdering av konsekvens

Konsekvensene av ein farleg hending blir beskrivd og vurdert. Konsekvens er i denne sammenheng eit forventa (sannsynleg) skadeomfang av den aktuelle hendinga og beskriv moglege skader. I denne samanheng vurderast moglege skader på personer og miljø, i tillegg blir det gjeve ei sårbarheitsvurdering. Sårbarheitsvurderinga omhandlar moglege vanskelegheiter for kommunikasjonssystem som følgje av hendinga, og moglege konsekvensar av desse.

Det er nytta følgjande kategorier i konsekvensvurderinga:

	Personskader	Miljøskader	Sårbarhet
1.) Ufarleg	Ingen	Ingen	Kommunikasjonssystem setjast midlertidig ut av drift, det kan oppstå mindre forsinkelsar. Ikkje behov for reservesystem og ingen personskader eller miljøskader som følgje av driftsstans.
2.) Moderat	Få og små	Mindre skader, lokale skader	Kommunikasjonssystemer settes midlertidig ut av drift. Behov for reservesystemer, mindre person- og miljøskader kan forekomme ved mangel av dette.
3.) Kritisk	Alvorlege	Omfattende skader, regionale konsekvenser med mindre restitusjonstid	Driftsstans i kommunikasjonssystemer i flere døgn. Konsekvensen kan bli omfattande person- eller miljøskader
4.) Farleg	Alvorlege, død	Alvorlige skader, regionale konsekvenser med lang restitusjonstid	Kommunikasjonssystemer ute av drift over lengre tid, avhengige systemer rammes midlertidig. Konsekvensene kan være til alvorlige person- og miljøskader og dødsfall. (En person.)

5.) Katastrofalt	Flere døde	Uopprettelige miljøskader lokalt eller regionalt	Hovedsystem og avhengige systemer permanent ute av drift, konsekvenser kan være flere døde og alvorlige/langvarige miljøskader.
-------------------------	------------	--	---

Farlege hendingar blir plassert i ein konsekvenskategori basert på en heilheitsvurdering av konsekvensberekninga innanfor dei tre områda personskader, miljøskader og sårbarhetsvurdering, der den alvorlege konsekvensvurderinga vil bli vekta tyngst.

8.1.5 Vurdering av risiko

Risiko beskrivast som ein funksjon av sannsyn og konsekvens. Risiko = Sannsynlighet X konsekvens.

Risikoen uttrykkes i en risikomatrise:

Konsekvens \ Sannsyn	1.) Ufarleg	2.) Moderat	3.) Kritisk	4.) Farleg	5.) Katastrofalt
3.) Sannsynleg					
2.) Lite sannsynleg					
1.) Usannsynleg					

Røde felt indikerer en uakseptabel risiko, og tiltak må setjast i verk for hendingar som faller innanfor dette området.

Gule felt indikerer at risikoen må vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Grønt felt indikerer en akseptabel risiko, og tiltak er ikkje naudsynt.

8.1.6 RISIKOFORHOLD (KARTLEGGING AV POTENSIELLE FARER)

Hending/situasjon	Aktuelt	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar, tiltak
Naturgitte forhold. Er området utsatt for, eller kan tiltaket medføre risiko for:					
1.) Skredfare	Nei				
2.) Flom	Nei				
3.) Tidevann	Nei				

4.) Radon	Ja	2	2		Usikker/moderat til lav aktsemd. Ikkje bygg for varig opphald.
5.) Værforhold, lokalklima	Nei	2	1		Området kan få store snømengder. Kan føre til utfordrande tilkomst til anlegget.
6.) Sårbar flora	Nei				
7.) Sårbar fauna/fisk	Nei				
8.) Verneområder	Nei				
9.) Vassdragsområder	Nei				Planområdet kjem ikkje i konflikt med vassførekomstar.
10.) Fornminner	Nei				
11.) Kulturminner/ kulturminnemiljø	Nei				
Menneskeskapte forhold.					
<i>Funksjoner i nærområdet. Kan tiltaket medføre risiko for:</i>					
12.) Veg, bru, knutepunkt	Nei				
13.) Havn, kaianlegg	Nei				
14.) Luftfart, flyplass	Nei				
15.) Industri og næringsliv	Nei				
16.) Vann, avløp o.l.	Ja	2	2		Arbeidet og byggjetrinna er lagt opp slik at vassverket er minst mogleg utsett for problem under anleggsarbeidet.
17.) Strømforsyning	Nei				
<i>Forurensningskilder. Blir området utsatt for:</i>					
18.) Akutt forurensing	Nei				
19.) Permanent forurensing	Nei				
20.) Grunnforurensing	Nei				
21.) Støy, trafikk	Nei				
22.) Støy, andre kilder	Nei				
23.) Høyspentlinje (EM-stråling)	Ja	1	1		Det går høyspentkabel inn i planområde t. Det må takast omsyn til denne. Plankartet har regulert inn faresone på 30 m.
24.) Farlige stoffer og spesialavfall	Nei				
Medfører tiltaket:					

25.) Fare for akutt forurensning	Nei				
26.) Fare for permanent forurensning	Nei				
27.) Økt støy/forurensning fra trafikk	Nei				
28.) Økt støy/forurensning fra andre kilder	Nei				
29.) Farlige stoffer og spesialavfall	Nei				
<i>Transport. Er det risiko for:</i>					
30.) Ulykke med farlig gods	Nei				
<i>Trafikksikkerhet. Kan tiltaket øke faren for:</i>					
31.) Ulykke i av/påkjøringer	Ja	2	2		Auka trafikk i anleggsperioden
32.) Ulykker med gående/syklende	Ja				Auka trafikk i anleggsperioden
33.) Ulykker ved anleggsgjennomføring/utbygging	Ja	2	2		Auka trafikk i anleggsperioden
<i>Andre forhold:</i>					
34.) Terrormål/bombemål	Nei				
35.) Terrengformasjoner som utgjør spesiell fare (stup, sjakter, o.l.)	Nei				
36.) Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring	Nei				

3.) OPPSUMMERENDE RISIKOMATRISE

Konsekvens \ Sannsyn	1.) Ufarlig	2.) Moderat	3.) Kritisk	4.) Farlig	5.) Katastrofalt
3.) Sannsynleg					
2.) Lite sannsynleg	5	4, 16, 31, 32, 33			
1.) Usannsynleg	23				

8.1.7 VURDERING AV RISIKOREDUSERENDE TILTAK

Sjekklistas angitte farlege hendingar kommenterast nærare i det følgjande. Forslag til tiltak og oppfølging gjerast her, og behovet for dette vurderast.

Grøne hendingar:

Nr. 4 radon

Radon-kart synar at det er usikkert i området. Det er ikkje lagt opp til bygg med varig opphald innanfor planområdet. Bygg og radon blir ivareteke i byggesak, i høve til Tek17.

Nr. 5 lokalklima

Hovden er eit snørikt område, som kan skape utfordring for tilkomst til anlegget. Det vil vere vinterbrøytta veg heilt fram og soleis vil tilgjengelegheita vere der heile året.

Nr. 16 vatn- og avlaup

Arbeidet med nytt vassverk og tilhøyrande installasjonar er lagt opp på ein slik måte at vassverket er minst mogleg utsett for problem under anleggsarbeidet.

Nr. 23 høgspent

Det går ein høgspentkabel inn i ein liten del av planområdet, men planforslaget innebærer ikke bygg innanfor faresona frå denne. Det er difor ikkje naudsynt med spesielle sikringstiltak.

Nr 31 - 33 ulykker med trafikanter

Under anleggsarbeidet vil det bli meir trafikk, kanskje særleg tungtrafikk. Det må utførast gode tiltak for varslings og evt. bli sett opp anleggsgjerder dersom det er naudsynt.

KONKLUSJON:

Analysa synar at det ikkje er potensielle farlege hendingar som medfører større risiko.

8.2 Overordna planar

Intensjonen i dei overordna planane på staden er vassverk for området.

8.3 Naturmangfald

Nml §§ 8 – 9 kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet

Bruken av området vil hovudsakleg bli som i dag, med unntak av flytting av skiløypa og ei utviding av areal til vassverket. Det er gjort ein kartlegging av området utført av Faun naturforvaltning i samband med ny kommunedelplan for Hovden aust. Rapporten syner at det potensielt er rikmyr fleire stader rett nord for planområdet til vassverket. I dei kjente offentlege basene er det ikkje registrert truga eller sårbare artar eller naturtyper i eller i nærleiken av planområdet. Ein vurderer soleis at § 8 kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg i området og nml § 9 «føre-var-prinsippet» blir mindre vektlagt.

Nml § 10 økosystemtilnærming og samla belastning

Området Hovden aust er eit stort satsingsområde for hytteutbygging og friluftsliv. Det er i dag bygd ut store areal med hytter og det ligg meir areal i området som kan byggast ut. Soleis er allereie området sterkt påverka av utbygging og menneskeleg aktivitet. Det nye vassverket vil vere i same område som i dag, med ei utviding av arealet og bruken i området vil soleis hovudsakleg vere den same. Ein kan ikkje sjå at dette planarbeidet vil endre belastninga i området noko særleg. Ut i frå kartlegging som er gjort i området og kunnskap som er tilgjengeleg i dei offentlege basene og lokal kunnskap, kan ein ikkje sjå at tiltaka vil kome i konflikt med viktig naturmangfald.

Nml §§ 11 – 12 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det ligg ikkje føre arbeid som kan føre til miljøforringing i området. Bykle kommune er ansvarleg dersom skade på naturmangfaldet skulle inntreffe, og er ansvarleg for at arbeid og drift av anlegget blir gjennomført på ei miljømessig god måte.

8.4 Landskap

Bygget for nytt vassverk skal skli godt inn i terrenget. Høgdebassenga vil framstå som to små koller i terrenget. Nytt vassverk med tilhøyrande anlegg vil soleis ikkje endre landskapspreget i området.

8.5 Kulturminner og kulturmiljø

Området er tidlegare undersøkt og planen vil ikkje kome i konflikt med registrerte kulturminner.

8.5 Trafikkforhold

Ved normal drift vil det ikkje bli merkbar meir trafikk i området. Under arbeid med nytt anlegg vil det bli meir og tung trafikk til området. Det vil utførast gode tiltak for varsling og evt. bli sett opp anleggsgjerder dersom det blir naudsynt.

8.6 Friluftsliv

Den viktige traséen for skiløype blir direkte rørt av planen. Denne blir ivareteke gjennom den nye kommunedelplanen for Hovden aust. Traséen blir liggjande i same terrenget og blir flytta nokre meter nordover, rundt vassverket. For å vere sikker på at det ikkje vil bli ein framtidig konflikt mellom drift og friluftslivet, så meiner ein dette er eit betre alternativ.

9 Innkomne merknader

Det har kome inn 5 offentlege og 1 privat merknad til varsel om oppstart av planarbeid.

Fylkesmannen i Agder:

Området er viktig for friluftslivet i området. Fylkesmannen legg til grunn at omsynet til skiløypa gjennom området vert ivaretatt og at planarbeidet samsvarer med det pågåande arbeidet med kdp Hovden aust.

Elles minner dei om at følgjande tema skal gjerast greie for: klima- og energi, støy, estetisk utforming, universell utforming, ros-analyse, klimaendringar og klimatilpasning, naturmangfoldlovens §§ 8 – 12, vannforskrifta § 12.

Svar på merknader:

Skiløypa blir ivareteken gjennom ny kommunedelplan for Hovden aust og desse to planane vil samsvare med kvarandre.

Tema over er teken inn i planomtala og vurdert.

NVE:

NVE har sendt eit generelt innspel, der dei syner til forskjellige rettleiarar og verktøy i planlegginga. Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

Agder Energi Nett AS:

Det må i planarbeidet takast omsyn til eksisterande anlegg og naudsynnte anlegg dei må etablere og drifte. AEN har etablert høgspenst (luftline)- og lavspenst (jordkabel)-anlegg i området. Det er byggjeforbodssone på 15 m til kvar side. Frå nettstasjon er det 5 m byggjegrense.

Svar på merknader:

Det er regulert inn ei faresone for høgspenst på 15 m til kvar side i plankartet med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Mattilsynet:

Mattilsynet kan ikkje sjå at den planlagde utbygginga vil ha konsekvensar for drikkevasskjelda Hartevasstjønn eller omsynssone for Hovden vassverk.

Agder fylkeskommune:

Vegen opp til vassverket og vidare innover fjellet er ein viktig innfallsport for friluftsutøvarar heile året. Det er merka stigar for ulike aktivitetar i området og det er viktig at desse blir ivareteke og vidareført i planen. Dersom det ikkje er mogleg pga. arealkrav til planlagd utbygging, må det etablerast ein ny tilkomst til desse turstigane. Det bør sikrast gjennom eit rekkjefølgjekrav.

Planområdet ligg òg nære sentrum, og er godt eigna som turområde for mellom anna barnefamiljar. Det bør vurderast om bygget kan få ein fleirfunksjonell utforming slik at det kan fungere som ein rasteplass/møteplass.

Fylkeskommunen har ingen merknader til planen når det gjeld kulturminner. Området er tidlegare undersøkt og planen vil ikkje kome i konflikt med registrerte kulturminner.

Svar på merknader:

Skiløypa blir teken omsyn til ved å leggje den rett nord for planområdet. Dette vil hindre ei eventuell framtidig konflikt.

Med tanke på tryggleik, vil ein ikkje rå til å kombinere anlegget med område for møteplass.

Arne Rønholt:

Eigar av hytte på nedsida av området der vassverket med åtkomstveg skal ligge, minnar om problem knytt til overflateavrenning. Ved utbygging av vassverket kan det bli endra, meir og raskare overflateavrenning, då særleg ned mot eksisterande veg til vassverket med vegggrøft. Det har tidlegare blitt mykje is i vegen, då stikkrenner har fryst igjen og vatnet kom gjennom vegen for avrenning mot nord og skiløype. Teknisk avd. er kjend med problematikken i området. Ekstra avskjerande grøfter og støre stikkrenner gjennom vegen kan vere tiltak.

Svar på merknader:

Dette blir teken omsyn til ved opparbeiding av anlegget med tilhøyrande infrastruktur. Teknisk avd. er kjend med problemet og vil ta dette med seg i det vidare arbeidet.